

# Me er i rute!

Stein Erik Ovesen

**Det er i dag ni dagar att til premieren på "Les Misérables" i Moster Amfi. Ein gjeng på eit par hundre personar jobbar mest dag og natt, men framdrifta er god. Og Kjell Arne Røksund, som er produksjonsleiar for framsyninga og styreleiar for Bømlo Musikal Laug, kan slå fast at dei er i rute.**

Det einaste som har skapt litt problem for folka som no arbeider hektisk i Moster Amfi, er regnet som har kome jamnt og trutt den siste halvanna veka. Det er nemleg ein del måling og anna ferdiggjeringsarbeid som står att på dei digre kulissane som er kome på plass i Amfiet.



**UNDER KONTROLL:** Det er svært mykje som skal klaffa i samband med ei slik stor-oppsetjing som "Les Misérables" i Moster Amfi er. Men produksjonsleiar Kjell Arne Røksund, forsikrar om at ting no er godt under kontroll.

Og regnet har gjort det vanskeleg å få dette unna heilt slik som planlagt. Dette avdi det både må vera tørt ver ei tid for å få tørka det som skal gjerast ferdig, samstundes som det må vera tørt medan arbeidet vert gjort og ei tid etterpå. Men i tillegg må Amfiet vera ledig på dei rette tidspunkta i høve til regn og tørrver, då det jo mest heile tida skjer øvingar på og ved scena. Men då BØMLO-nytt var innom tidleg i går ettermiddag, var det flott og tørt ver og utsiktene var gode. Og det heile vart ikkje sett på som noko stort problem. Det finst alltid løysingar, døgeret er på 24 timar og det er framleis over ei veke fram til premieren...

## Knallvarme og styrtregn

Det regnet som har vore har sjølvsagt ikkje vore så kjekt for aktørane og songarane og alle dei andre som har vore travelt opptekne i Moster amfi. Men det har i grunnen berre vore å kle seg høveleg, og då har ein samstundes fått øvd i regn og fått teke lærdom av korleis ein skal bevege seg på våte og glatte golv og trapper. Dermed er også dette «i boks» i fall det skulle koma regnver i løpet av perioden med framsyningar. I tillegg har ein også fått prøvd seg i Amfiet i knallvarme, slik at dei ulike alternativa er godt utprøvde...

## Mest døgeret rundt

Dei mange som er involverte i oppsettinga av «Les Misérables» jobbar både seint og tidleg. Kjell Arne Røksund fortel at det er øvingar for aktørane frå klokka 10.00 til 22.00 kvar einaste dag. Og i tillegg er det ein heil del tekniske ting som skal utførast, slik at det nok er folk i sving i alle høve mellom klokka 08.00 og 24.00. Om nokre dagar kjem ein også til å halda på enda lengre ut på natta, då ein tek til med øvingar på same tid som framsyningane skal gå føre seg.

-Me driv nesten med rovdrift på folk, med slike lange økter dag etter dag. Men alle saman har det kjekt i lag, og i tillegg har me freista få til ein del sosiale ting innimellom alle øvingane og alt arbeidet, fortel produksjonsleiar Kjell Arne Røksund.

## Billettsalet er godt

På ei slik stor oppsetning som «Les Misérables» trengs det stor innsats frå mange både på og bak scena. Men det er meir som skal til, og då er publikum ikkje ein heilt uvesentleg ting...

Det er greit og gjevande å i fellesskap laga ein slik musikal. Men noko av vitsen med ei slik oppsetning er også å gleda eit vonleg stort publikum. Og også dette med publikumstalet ser ut til å vera godt i rute:

-Eg har ikkje heilt oppdaterte tal når det gjeld selde billetter. Men sist laurdag hadde me passert 5.500. Og det vil nok seia at me er på full fart mot 6.000 no i denne veka. Premieren fredag 8. august og framsyninga laurdag 9. august er så godt som heilt utselde. Og det er ikkje så mykje att til dei to siste framsyningane, fredag 15. og laurdag 16. august. Medan det framleis går greit å få billetter til framsyningane på dagane i mellom. Det er ein glad Kjell Arne Røksund, styreleiar i Bømlo Musikal Laug, som seier dette til BØMLO-nytt. Han legg til at dei sel 1.200 billetter til kvar framsyning, slik at maksimalt billettsal kan verta på 9.600. Og han minner bømblingane på å kjøpa billetter no snarast, slik at dei kan sikra seg plass på dei tidspunkta dei ønskjer seg best. Og det er jo dumt å skulle venta til siste liten, og så risikera at billettane er rivne bort...